



Masfjorden kommune

Teknisk, miljø og landbruk

KOPI

Lindås kommune
Dokumentsenteret, Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
21 JAN 2019	
Avt. saknr. 16/1503	Løpenr.
Saksn.	Tilgangskode

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/553 - 19/128

Saksbehandlar:
Ottar Myrtveit
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:
08.01.2019

Bestandsplanområdet: Lindås - Masfjorden Rulering av planen

Viser til Bestandsplanen for Lindås-Masfjorden 2016 – 2018.

I pkt 8 i avtalen syner ein til at styret/hjorteutvalet (her interimstyret) skal leggja fram eit forslag til ny plan i god tid før siste møte i planperioden. Denne skal sendast ut til valda før den vert handsama på årsmøte for endeleg godkjenning. Vedtektene regulerer dette.

Me syner til forskrift om forvaltning av hjortevilt §13, Søknad om godkjenning av bestandsplanområde for elg og hjort.

Søknad om godkjenning av bestandsplanområde for jakt på elg eller hjort sendes kommunen innen 1. mai.

Søknaden skal inneholde:

- a) opplysning om hvilken art søknaden gjelder for,*
- b) kart som tydelig viser grensene for bestandsplanområdet,*
- c) oversikt over alle valdene som inngår i bestandsplanområdet,*
- d) oversikt over tellende areal for bestandsplanområdet samlet,*
- e) underskrift fra valdansvarlig representant for alle vald som inngår i bestandsplanområdet, og*
- f) navn, postadresse, telefonnummer, e-postadresse og underskrift for representanten for bestandsplanområdet.*

Søknadsskjema ligg i vedlegg.

No har me hatt ein 3års (prøve)periode og det er viktig at kommunen får inn ein ny søknad i tide. Her syner me til §14 i same forskrift.

Godkjenning og endring av bestandsplanområde for elg og hjort

*Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av nytt bestandsplanområde eller endringer i eksisterende bestandsplanområde **innen 15. juni.***

*Vald som ønsker å trekke seg ut av et godkjent eller omsøkt bestandsplanområde, skal melde dette skriftlig til representanten for bestandsplanområdet med kopi til kommunen **innen 1. april.***

Representanten for bestandsplanområdet skal melde om endringer i bestandsplanområdet til kommunen innen 1. mai for ny godkjenning.

Kommunen kan trekke godkjenningen tilbake hvis kravene i § 12 ikke lenger er oppfylt. Frist for kommunen til å trekke godkjenningen tilbake er 1. april.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt landbruksrettleiar Ottar Myrtveit.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

BESTANDSPLAN Lindås_Masfjorden 2016-2018 (L)(39078)

Søknad_bestandsplanområde_nynorsk_2016_med ny bakside

Kopi til:

Lindås kommune

Dokumentsenteret 5914
, Kvernhusmyrane
20

ISDALSTØ

Mottakarar:

Yngvar Johan Rasmussen

Storhaugen 24

5355


KNARREVIK

KOPI

8#314-a32ff5ae-b239-4ff1-aeb3-219fc016d044

Lindås/Masfjorden Bestandsplanområde

Område 40



Bestandsplan 2016 - 2018

Innhald

1. Bestandsplanområdets avgrensing og storleik.....	3
2. Planperiode.....	5
3. Målsetting.....	5
4. Organisering, drift og økonomi.....	6
5. Status.....	6
5.1 Arealbruk og områdeavgrensing.....	6
5.2 Bestandsutvikling og status.....	7
5.3 Irregulær avgang.....	12
6. Handlingsdel.....	13
6.1 Avskytingsmodell.....	13
6.2 Vald i planområdet.....	14
7. Medlemmar og søknad løyver for planperioden 2015 - 2017.....	15
7.1 Avgjerslegrunnlaget/fokus framover.....	15
8. Rullering av planen.....	16

1. Bestandsplanområdets avgrensning og storleik


Lindås/Masfjorden bestandsplanområde (BPO) dekkjer deler av kommunane Lindås og Masfjorden. I Lindås kommune aust for E39 frå Bjørsviki og vidare aust for Austfjorden til grensa mot Masfjorden. I Masfjorden omfattar bestandsplanområdet områda sør for Masfjorden. Det er totalt 46 godkjende hjortevald innanfor planområdet.

Vald-id	Valdnamn	Teljande areal i dekar		Vald-id	Valdnamn	Teljande areal i dekar
Masfjorden				Lindås		
1266V0001	Einestrاند	2370		1263V0009	Steinsidalen	1500
1266V0002	Sør Kvingo	7100		1263V0010	Eiterdalen	10000
1266V0003	Nord Kvingo	7800		1263V0011	Romarheim	11888
1266V0004	Kvingedal	7680		1263V0012	Stusdal	8000
1266V0005	Mjanger	5500		1263V0013	Vike	6000
1266V0006	Hope	11000		1263V0014	Fjelle	6000
1266V0009	Andvik	11000		1263V0015	Urdal I	3000
1266V0010	Nordland / Åsheim	4600		1263V0016	Urdal III	6000
1266V0011	Totland/Totlandsdal	4720		1263V0017	Urdal IV	3000
1266V0012	Ådnekvam	1780		1263V0018	Eikefet	6000
1266V0013	Skuggedal	3180		1263V0020	Molvik/Mulen	8500
1266V0014	Stegalvik	4200		1263V0021	Skår	4500
1266V0015	Haugsdal indre	9330		1263V0042	Husdal	5000
1266V0016	Haukeland	11230		1263V0043	Skår	4500
1266V0017	Midtre Haugsdal	10200		1263V0046	Nipo	2600
1266V0018	Matre Store	6300		1263V0047	Dyrkolbotn	2439
1266V0019	Fagerdal / Kringlebotn	7600		1263V0050	Sætre	2000
1266V0020	Trodal	4130		1263V0051	Eikemo	2100
1266V0021	Haugsvær	7720		1263V0054	Padøy	3400
1266V0022	Fossen	5700		1263V0055	Nordalen	6000
1266V0037	Bauge	2650				
1266V0046	Eikebotn	820				
1266V0051	Kjekallen	1750				
1266V0052	Litle Matre	9800				
1266V0053	Hope	5170				
1266V0055	Sandnes/ Prestegards- skogen	6158				
Totalt for heile område 40 Lindås/Masfjorden:						261915

Tabell 1. Valdoversikt 40. Lindås/Masfjorden Bestandsplanområde.

Som det går fram av tabell er det litt variasjon mellom storleik på valda, det varierar mellom 820 og 12 000 daa. Styret i bestandsplanområde oppmodar mindre einingar til å gå saman om jakta. Dette vil auke fleksibilitet til den enkelte, og lette vårt arbeid med å administrere og fordele løyver.

Avgrensinga av planområdet er gjort ved bruk av data frå merkeprosjekt og lokalkunnskap om hjortens områdebruk. Lindås og Masfjorden kommune var i 2013 – 2015 med i prosjektet «Hjort 2013 -2017» i regi av Vestskog. Det vart først helde møter kommunevis. Så med bakgrunn i generell kunnskap frå merkeprosjekt, lokalkunnskap frå grunneigarar og jegerar, viltkartlegging i kommunane mm. identifiserte ein bestandsområde. Lindås/Masfjorden Bestandsplanområde meiner med grunnlag i dette at avgrensinga i høve hjortebestanden er god.



Figur 1. Kart over Lindås/Masfjorden bestandsplanområde

2. Planperiode

Lindås/Masfjorden bestandsplanområde søker om godkjenning av ein treårig plan for tidsrommet 2016 - 2018 for forvaltning av hjorten i området. Vedlagt denne plan er eige søknads-skjema.

3. Målsetting

For at ein skal kunne styre mot ei ynskja utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar. Måla skal og ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltning. Lindås/Masfjorden bestandsplanområde ser det likevel som viktig at planen er basert på lokalt forankra målsettingar, ein legg difor til grunn at det kan vere ulike ynskjer mellom medlemmene i bestandsplanområdet.

Forskrift om forvaltning av Hjortevilt har krav om at grunneigarane sine bestandsplanar skal ta omsyn til offentleg målsettingar. Område som Lindås og Masfjorden bestandsplanområde har identifisert som eit forvaltningsområde har per dato ikkje eit offentleg måldokument som trekker desse grove linjene. Vi oppmodar Lindås og Masfjorden kommunar om saman å utforme dette.

Vi presenterar i denne planen berre eiga målsetning. Lindås/Masfjorden bestandsplanområde ynskjer å ha ei sunn hjortestamme som gjev eit haustbart overskot sett i høve til leveområda sin produktivitet og mangfald. Forvaltninga skal vidare sikre ein bestandsstorleik som ikkje fører til uakseptable skadar knytt til skogbruk, jordbruk, trafikk og andre samfunnsinteresser.

Hovudmål:

Hovudmålet for denne planperioden er å framleis jobbe for stabilisering av hjortestammen. Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ei forutsigbar bestandsutvikling til gode for hjorteforvaltninga og andre samfunnsinteresser.

Delmål:

- Halde på det gode kjønnsforholdet som er i bestanden, målt i sett kolle per bukk
- Legge til rette for eit uttak lokalt i valda som tek omsyn til lokale ynskje og behov
- Auka slaktevekt på kalvar og ungdyr
- Halde på produktivitet i bestanden, målt i kalv per kolle

4. Organisering, drift og økonomi

Det er valda i området som er medlem i Lindås/Masfjorden Bestandsplanområde, og vert representert gjennom valdsansvarleg representant. Bestandsplanområdet skal driva med hjorteforvaltning innafor området, og medlemmane har skrivne under på samarbeidsavtale om dette. Det er valda som får tildelt løyva frå kommunen etter godkjend bestandsplan. Fordelinga er beskrive seinare i planen. Om det er trong for det, kan løyve flyttast mellom vald, om slik avtale er skriftleg mellom partane. Det er valda som skal rapportere fellingsresultat og bestandsdata til kommunen.

Lindås/Masfjorden bestandsplanområde vert drive av eit styre, og det er styret som driv planområdet etter vedtekter og vedtak fatta på årsmøtet. Styret i bestandsplanområdet konstituerer seg sjølve med leiar, kasserar og sekretær. Styret syter for den faglege oppfølging av planen, rapportering og eventuelle justeringar undervegs. Arbeid med dette skal konkretiserast i arbeidsplanen og budsjettet til Bestandsplanområdet. Det vil og verte trong for arbeid knytt til informasjonsarbeid, kompetanseheving og auka oppslutnad.

5. Status

Den grunneigarstyrde lokale hjorteforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Mål og tiltak må difor vere basert på best tilgjengeleg kunnskap til ein kvar tid. Kapittelet om status er laga med grunnlag i sett hjort, fellingsdata, merkeprosjekt og lokalkunnskap.

5.1 Arealbruk og områdeavgrensing

Lindås/Masfjorden bestandsplanområde legg til grunn ei områdeavgrensing for planområdet som vist i kart i kapittel 1. Dette er gjort med grunnlag i data frå merkjeprojekt og lokalkunnskap. I nord utgjer Masfjorden ei naturleg barriere, medan Osterfjorden avgrensar området i sør. Vidare går grensa i aust og nord i høg fjellsområda langs kommunegrensa mellom Masfjorden og Modalen (aust) og Høyanger (nord). Austfjorden avgrensar området i vest.

Hjorten nyttar arealet i planområde noko ulikt og til dømes i grender med aktiv drifta innmark til gras er tettleiken større enn i andre delar. Der det er uakseptabel skade på næringsdrift (jord-og skogbruk) vil det verte teke omsyn til dette i høve fordeling av løyve til valda.

Vidare veit vi at særskilt i sør-område (del av bestandsområde som ligg i Lindås), så foregår ein del av jakta på trekk-dyr. Ved etablering av bestandsplanområde så ligg alt til rette for samarbeid mellom vald. Vi oppmodar om dette for å enkle uttak av kvoter.

5.2 Bestandsutvikling og status


Grunnlaget for bestandsutvikling og status i bestanden finn vi fellingsdata, sett hjort, merkeforsøk og lokalkunnskap.

Sett hjort-registreringar har blitt gjennomført i Masfjorden frå 2005 (med unntak av 2007). I Lindås er det ikkje gjort Sett hjort-registreringar. Bestandsplanområdet har ei geografisk avgrensing som gjer at det er grunn til å tru at tala frå Masfjorden er representativt også for den delen av området som ligg i Lindås. Sett hjort-registreringane i Masfjorden har varierende kvalitet. I åra 2010 og 2011 er tala for sett hjort per jegerdag urealistisk høge. Sum sett hjort er litt høgare enn dei andre åra, medan talet på jegerdagar er mykje lågare. Vidare manglar det data i hjorteviltregisteret for åra 2013 og 2014. Det er difor berre åra 2005, 2006, 2008, 2009, 2012 og 2015 som har gode Sett hjort-data. Det er levert inn data frå 11-18 vald desse åra. Sett hjort per jegerdag varierer mellom 1,3 og 2,1.

År	Tal jegerdagar	Spissbukk	Bukk	Kolle	Kalv	Ukjent	Sum sett hjort	Jaktfelt som har levert skjema	Sett hjort pr. jegerdag
2005	355	55	97	236	124	66	578	18	1,6
2006	259	40	52	125	73	46	336	13	1,3
2007	3	2	0	6	5	1	14	1	4,7
2008	333	68	84	162	111	46	471	10	1,4
2009	342	89	195	210	156	54	704	11	2,1
2010	49	41	128	283	171	58	681	16	13,9
2011	35	59	124	266	178	70	697	12	19,9
2012	229	49	87	186	129	25	476	16	2,1
2013									
2014									
2015	150	23	45	76	57	23	224	6	1,5

Tabell 2. Sett hjort-registreringar i valda i Masfjorden kommune.

Vi ser altså at kvaliteten på dei innlagte data frå valda i Masfjorden varierer. Lindås har ikkje registrert sett-hjort-data. **For vidare er det svært viktig at vi får auka tilslutning på innsamling av sett-hjort-data, då dette er det beste verktøyet vi har å forholde oss til per i dag.** Får ein til dette vil det bidra til å kunne drive forvaltninga av bestanden på ein sikrere og betre måte.




Figur 2. Syner utvikling av sett hjort per jegerdag, kolle per bukk og kalv per kolle for perioden 2005-2015. Data for 2010 og 2011 er ikkje teke med sidan sett hjort pr. jegerdag er urealistisk høge for desse åra, og data for 2013 og 2014 manglar.

Sett hjort pr. jegerdag i 2015 viser 1,5. Ein ser at dette er eit lavt tal historisk sett. For 2015 ligg det berre 150 jegerdagar til grunn for talmateriale. Men når andre parameter (fellingsresultat og observasjonar frå felt) bekreftar det same, er det grunn til å setje lit til dette. Trend viser at storleiken på bestanden i bestandsplanområde har ein dalande kurve.

Det er sjølvsagt ikkje godt dra for sterke slutningar ut av dette materialet, ein må sjå bak tala og ha dette i bakhovudet. Trend er viktigare enn enkelt-år. Skal ein antyde noko meir kan ein seie at sett kolle per bukk viser ein positiv trend. Ligg dette talet rundt 1,5 er dette veldig bra. Samtidig ser ein at sett kalv per kolle også peikar oppover, også positivt.


Får ein auka opp tilslutning til dette gode verktøyet som sett-hjort er, er trend for periode 2005 - 2015 fin å setje seinare tal opp mot.



Figur 3. Syner utvikling av slaktevekter på kalv dei siste åra.


Kalv sett per kolle fortel noko om variasjon i kalveproduksjon, og kan, om ein koplar dette saman med vektorer vere eit godt mål på kondisjon/kvalitet i bestanden. For Lindås/Masfjorden bestandsplanområde sin del tyder tal på at det har lege på over 0,6 kalv per kolle sidan 2006. Dette er innafor det ein kan seie er normalt for ein hjortebestand i grei kondisjon.

Sidan 2009 har snittvekt kalv hatt ei positiv utvikling mot omlag 25 kg snittvekt for 2015. Det er utvikling av dette parameter over tid som er interessant å følgje med på. Ein positiv trend siste åra er veldig bra.



Figur 4. Viser forholdet mellom tildelte og felte dyr. Og fellingsprosent.

Fellingsprosent har sidan 2009 ligge på pluss/minus 60%. Det er viktig at der ikkje er eit for stort sprik mellom tildelte og felte dyr. Slik vert rommet for å beskatte ein bestand skeivt mindre. Ein fellingsprosent på 80% eller høgare er veldig bra. Med 60% felling over fleire år kan det synest som tildeling har vore noko høg, og ein bør prøve å få litt betre samsvar. På ei anna side viser fordeling av felte dyr i samme periode (sjå oversikt under) at jegerane i Lindås/Masfjorden har vore sitt ansvar bevisst tross ein liten nedgong i bestanden (slike tider er det lett å dette i den fella å auke uttak av hanndyr for å kompensere for færre tilgjengelege hodyr/yngrer dyr).




Figur 5. Fordelinga av felte dyr i bestandsplanområdet.

Det er resultatet av avskytinga dei siste åra ein ser i bestanden i dag, og når ein veit at jakta står for nærare 90% av dødelegheita i bestanden så er dette viktig med fokus på kva slags dyr som vert skote. Over er oversikt over kva som er skote dei siste åra.


Fordeling er veldig bra med eit uttak av kalv på nær 30% i 2015. Samla for kalv og ungdyr er uttaket over 50% av totalen på desse to kategoriane i 2015.

Ein annan ting som er verdt å merke seg er at for heile perioden er fordeling på skotne hanndyr og hodyr 1,5 år nær 50/50. Det er eit veldig bra resultat, i mange område slit ein med å få dette til.



Figur 6. Ein ser at ein har skote tilnærma kjønnsnøytralt i alle år.

Totalt sett kan ein lese at uttak av hodyr har ligge om lag der det bør vere. Perioden 2010 til 2014 er tilfredstillande, resultatet desse åra er det ein bør strekkje seg etter å få til. Siste to år har ei negativ utvikling her, ei lita overvekt av hanndyr i uttaket.




Figur 7. Syner avskyting av vaksne dyr vs. yngre dyr.

Med unntak av åra 2013 og 2014 viser fordeling uttak av vaksne dyr opp mot yngre dyr eit resultat som er greitt. Men ein kan med fordel auke andel kalv/ungdyr endå meir. Dette vil auke snittalder i bestanden. Med fleire eldre koller vil ein som resultat få større og meir

livskraftige kalvar kome til verden. Dette er eit godt grep for å auke slaktevekte, som har ein negativ trend.

5.3 Irregulær avgang



Figur 8. Fallvilt i Lindås og Masfjorden sidan 2000.

Irregulær avgang i hjortebestanden har ikkje vore noko stor utfordring til no. Til tross for ein relativt tett hjortebestand har ein få møter mellom hjort og bil. Område som peikar seg ut er Langs E39 ved og sør for Romarheim.

Avgjerslegrunnlaget for planen er godt nok med grunnlag i dei data ein har tilgjengeleg. Vi meiner hjortestamma er sunn og frisk og at det er samsvar med det ein kan lese i talmaterialet og det vi ser i skogen. Lindås/Masfjorden bestandsplanområde har eit godt utgangspunkt å jobbe vidare på.

Bestanden har ikkje vokse særleg siste åra. Ein har gjort eit godt arbeid, og har ligge om lag der ein bør på uttak av dei ulike kategoriane av dyr. Dette må ein ha vidare fokus på, og ein må søkje å finne tilbake til slik ein greidde det i åra 2010 – 2013, og kanskje helst ei endå litt betre fordeling på hodyr opp mot hanndyr. Får ein til å auke uttak av kalv/ungdyr berre endå litt meir vil dette langt på veg felle på plass av seg sjølv. All den tid område har så god statistikk på uttak av 1,5 år gamle hodyr å vise til, er dette målet ikkje langt vekke.

Hjortebestanden i Lindås/Masfjorden må truleg reduserast noko meir. Gjennom gode sett-hjort-data og anna kunnskap ønskjer BPO å skaffe seg eit godt kunnskapsgrunnlag til å vurdere dette.

6. Handlingsdel

Handlingsdelen i planen skal legge rammene for avskytinga i Lindås/Masfjorden bestandsplanområde, det er likevel grunn til å nemne at det er litt ulike tilhøve knytt til hjortemengd og skadeproblematikk på ulike stadar i bestandsplanområde. Planen vil tak høgde for dette, og har fokus på at totalen skal vere rett. Det er valda/medlemmane som er den juridiske eininga og som får tildelt løyver etter fordelinga i denne bestandsplanen.

Gapet mellom tildelte og felte dyr har dei siste åra vorte større, ein er i dag nede på ein fellingsprosent på mellom 60% og 70%. Det bør ikkje bli lågare. Men med bakgrunn i resultat vårteljing 2016 meiner vi det er grunnlag for å halde fram med nivå for kvoter som har vore. Så vil ein truleg kunne oppnå høgare felling med den fleksibilitet som ligg i overgang til ein ny måte å forvalte etter.

Eit framleis fokus på høgt uttak av yngre dyr meiner vi er korrekt å føre vidare. Høgt uttak av kalvar vil lette arbeidet med å kjønnsbalansere bestanden. Ved å velja denne strategien vil gjennomsnittsalderen i bestanden auke, og dermed vil produksjonspotensialet bli auka/betra. Dette grepet vil også på sikt kunne vere med å halde oppe antall felte dyr.

Valde avskytingsmodell meiner vi er den beste i høve dagens situasjon og målsetting for framtida.

6.1 Avskytingsmodell

Lindås/Masfjorden bestandsplanperiode søker om godkjenning av ein bestandsplan for treårsperioden 2016 - 2018 med ei årleg kvote på 255 dyr, til saman 765 løyver for heile planperioden.

Fordelinga av kvoten på kjønn og alder skal vere som følgjer:

- ***Minimum 60 % ungdyr og kalv, av dette skal minimum 30% vere kalvar***
- ***Maksimum 40 % eldre dyr, herav 50 % hanndyr og 50 % hodyr***

Dette kan avvikast einskild år, det er sluttsummen som skal gjelda.

I rundskriv til viltlova (forvaltning av hjortevilt) under §19 «Bestandsplan for elg og hjort», står avvik frå målsetjing fordeling dyrekategoriar omtala. Kommunen kan vedta å trekke tilbake godkjenning vis det oppstår vesentleg avvik frå det planlagde uttaket av dyr: «*For bestandsplanområder er det avviket i bestandsplanområdet samlet som skal vurderes.....Det må utvises en betydelig grad av skjønn fra kommunenes side i slike saker, men det antydes at avvik i størrelsesorden over 10 % normalt skal regnes som vesentlige.*».

6.2 Vald i bestandsplanområde

Opplisting av vald i bestandsplanområdet, med løyvetildeling for tre-års-perioden 2016 - 2018:

Lindås/Masfjorden BPO	Ant. løyve i planperioden		Lindås/Masfjorden BPO	Ant. løyve i planperioden
Einestrand	21		Steinsidalen	9
Sør Kvingo	42		Eiterdalen	18
Nord Kvingo	57		Romarheim	84
Kvingedal	36		Stusdal	24
Mjanger	54		Vike	24
Hope	108		Fjelle	21
Andvik	48		Urdal I	18
Nordland / Åsheim	33		Urdal III	24
Totland/Totlandsdal	33		Urdal IV	18
Ådnekvam	18		Eikefet	36
Skuggedal	21		Molvik/Mulen	39
Stegalvik	24		Skår	30
Haugsdal indre	45		Husdal	18
Haukeland	45		Skår	24
Midtre Haugsdal	75		Nipo	18
Matre Store	15		Dyrkolbotn	18
Fagerdal / Kringlebotn	18		Sætre	12
Trodal	15		Eikemo	15
Haugsvær	57		Padøy	12
Fossen	21		Nordalen	12
Bauge	21			
Eikebotn	6			
Kjekallen	6			
Litle Matre	36			
Hope	18			
Sandnes Prestegardsskogen	60		SUM:	1407

7 Medlemmar og søknad løyver for planperioden 2016 - 2018

Medlemmane i Lindås/Masfjorden bestandsplanområde søker om tildeling av frie løyver for heile planperioden etter følgende oppsett:

2016-2018	Kalv	Ungdyr	Vaksen ho	Vaksen hann	Totalt
Sør Kvingo					42
Mjanger					54
Hope					108
Haukeland					45
Midtre Haugsdal					75
Fagerdal / Kringlebotn					18
Haugsvær					57
Eikebotn					6
Kjekallen					6
Hope					18
Sandnes Prestegardsskogen					60
Romarheim					84
Stusdal					24
Vike					24
Fjelle					21
Molvik/Mulen					39
Skår					24
Nipo					18
Dyrkolbotn					18
Sætre					12
Nordalen					12
SUM:	230	230	153	153	765

7.1 Avgjerslegrunnlaget/kva må vi ha fokus på framover?

For at avgjerslegrunnlaget for forvaltning av hjort i bestandsplanområdet skal verte godt vil ein løpande ha fokus kvaliteten på sett hjort-registreringane og slaktevektregistreringane. Det er laga ei handbok med rettingsliner for føring av sett hjort, og denne skal distribuerast til valda.

Og ein skal arbeide for at slaktevektene vert registrert så likt som mogeleg i heile planområde. Det er varmevekta utan skinn, hovud og bein inkl. nyrar som skal registrerast. Skotskada kjøtt skal ikkje takast bort før veging. Det er vidare viktig at ein rapporterar rett i

høve dei skotne dyra. Ein legg her til grunn at ein sjekkar tenner nøye om ein er i tvil om dyret er 1,5 år eller eldre.

8. Rullering av planen

Styret/hjorteutvalet skal lage framlegg til ny plan i god tid før siste årsmøte i planperioden. Denne skal sendast ut på høyring til valda, før den vert handsama på årsmøte før endeleg godkjenning. Vedtekter regulerar dette.

Litteratur:

- www.hjorteviltregisteret.no
- Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Veileder 2016.

SØKNAD OM GODKJENNING/ENDRING AV BESTANDSPLANOMRÅDE

NYNORSK



Søknadsfrist: 1. mai

Til administrativ kommune:

Fylke:

Kommune/-ar:

Eitt skjema for kvar art (berre eitt kryss): Namn på bestandsplanområdet/ev. nr.:

Elg Hjort

Les informasjon om utfyllinga på baksida

Namn på valdet	Valdnr.	Teljande areal ^{a)}	Underskrift av valdansvarleg ^{b)}
1.			
2.			
3.			
4.			
5.			
6.			
7.			
8.			
9.			
10.			
11.			
12.			
13.			
14.			
15.			
16.			
17.			
18.			
19.			

Sum dekar teljande areal :

Snu arket for å få ei forklaring på a) og b)

Dato

Underskrift av kontaktperson
for bestandsplanområdet

Adresse:

Postnr./-stad:

Telefon:

E-post:

Kommunen godkjenner at bestandsplanområdet tilfredsstillter krava
i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 15.

Dato

Kommunen si underskrift

Skjemaet skal sendast til kommunen.

INFORMASJON

Bestandsplanområdet skal ha ei utforming som gjer at det er ei formålstenleg eining for bestandsforvaltning av vedkommande art. Bestandsplanområdet kan innehalde areal som gjer at det ikkje er samanhengande.

Saman med skjemaet skal det følgje eit kart kor yttergrensene til bestandsplanområdet er teikna inn, og som viser eventuelle eigedomar som ikkje er med i bestandsplanområdet.

a) Teljande areal: Her må det teljande arealet for kvart vald verte gjeve opp.

b) Det er tilstrekkeleg at valdansvarleg representant skriv under søknaden på vegne av valdet. Dette føreset at valdansvarleg representant har fullmakt eller samtykkje frå jaktrettshavarane til dette. Dersom anna ikkje er bestemt i valdet sine vedtekter eller på anna måte, avgjer fleirtalet av jaktrettshavarane om valdet skal meldast inn i eit bestandsplanområde. Skriftleg dokumentasjon på fullmakta eller avgjerda bør leggjast ved.

Søknad om godkjenning av bestandsplanområdet som rører ved fleire kommunar, skal sendast den kommunen der den største delen av det teljande arealet ligg (administrativ kommune), om ikkje anna er bestemt.

Godkjenninga av bestandsplanområdet gjeld inntil eit eller fleire vald utgår av samarbeidet, og så lenge alle valda er godkjente av kommunen.

Sjå rettleiar til forskrift om forvaltning av hjortevilt frå januar 2016 for meir informasjon.

Sjå www.hjorteviltregisteret.no for oversikt over bestandsplanområde i området ditt.